

## INFORMASJON TIL ALLE!

### Tilrettelegging av barnehagetilbodet, barnehagelova § 37.

#### Barn med nedsett funksjonsevne.

Barn med nedsett funksjonsevne skal ha moglegheit til å ta del i barnehage på same måten som andre barn.

Barnehagelova §2, tredje ledd, stiller krav til at barnehagen skal tilpassa tilboden mellom anna ut i frå barnet sitt funksjonsnivå. Dette betyr at barnehageeigar har ansvaret for å sjå til at barn med nedsett funksjonsevne får eit barnehagetilbod i tråd med lova. Barnehageeigar sitt ansvar er likevel avgrensa til kva barnehagen kan gjera innafor dei ordinære råmene.

Kommunen skal sikra at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. I barnehagelova §37 « Barn med nedsett funksjonsevne», vert kommunen si plikt å leggja til rette barnehagetilboden for barn med særskilte behov fastsett.

*«Kommunen skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får et egnet individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Plikten til tilrettelegging omfatter ikke tiltak som innebærer en uforholdsmessig byrde for kommunen. Ved vurdering av om tilretteleggingen innebærer uforholdsmessig byrde, skal det særlig legges vekt på tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjons hemmede barrierer, de nødvendige kostnadene ved tilretteleggingen og virksomhetens ressurser. Kommunen fatter vedtak om tilrettelegging av barnehagetilboden til barn med nedsett funksjonsevne».*

Kommunen si tilretteleggingsplikt inneber ikkje at kommunen må finansiere tilrettelegging som den enkelte barnehage er pålagd å følgja etter krav i barnehagelova eller anna regelverk. Barn kan i unntakstilfelle verta tilbydd plass i ein annan barnehage enn den dei føresette ynskjer, dersom individuell tilrettelegging ved den ønskete barnehagen er for byrdefull for kommunen.

Foreldre/føresette kan sjølve melder behov om tilrettelegging av barnehagetilboden til sitt barn. Barnehagen kan og meldt behovet. Vik kommune fattar vedtak om tilrettelegging av

barnehagertilbodet. Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og foreldre/føresette har klagerett på vedtaket. Klage instans er Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Vik kommune

Britt Marit Stadheim

Rådgjevar Oppvekst

#velkomtentilvik

